
Saknr: 2020/42250-4
Saksbehandlar: Vigdis Robak Bjørgo

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		13.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020

Trafikkplan Bergen sør – oppstart og gjennomføring

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet ber om at arbeidet med trafikkplan for Bergen sør startar opp og vert gjennomført, slik det kjem fram i saka.

Samandrag

Saka omhandlar rammer og framdriftsplan for arbeidet med trafikkplan for Bergen sør. Bakgrunnen for trafikkplanarbeidet er behovet for å konkretisere busstilbodet i sørkorridoren i Bergen som følgje av ny E39 mellom Os og Bergen, samt å tilpasse busstilbod og linjenett til ny bybanelinje til Fyllingsdalen.

Ein premis for arbeidet er omsynet til viktige korrespondansar, mellom ferje og buss og mellom lokale busslinjer og linjer som utgjer det kapasitetssterke og frekvente tilbodet. Overordna prinsipp er å utvikle eit samanhengande og robust kollektivnett tilpassa endringa som skjer som følgje av dei to utbyggingsprosjekta, men og for framtidig kollektivvekst. Det er lagt opp til dialog med kommunar og kundar for innspel og felles drøfting. Trafikkplanen skal ferdigstillast innan 2020, og vil bli lagt fram til politisk handsaming tidleg 2021.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør mobilitet og kollektiv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen vil i denne saka legge fram rammer og framdriftsplan for arbeidet med trafikkplan for Bergen sør. Bakgrunnen for arbeidet er behovet for å konkretisere busstilbodet i sørkorridoren som følgje av ny E39 mellom Os og Bergen, samt å tilpasse busstilbod og linjenett til ny bybanelinje til Fyllingsdalen.

Trafikkplanen vil bygge på prinsipp og føringar frå Kollektivstrategi for Hordaland, samt sjåast i samanheng med andre planar som har innverknad på kollektivtrafikken i det aktuelle området. Føremålet med trafikkplanen er å kunne leggje denne til grunn ved framtidige endringar i rutetilbodet i området også i år etter ferdigstilling av ny E39 og bybanelinje i 2022/2023.

Om trafikkplanen

Det første hovudtema for arbeidet med trafikkplanen er etablering av regionstamlinje i sørkorridoren mellom regionsenteret Osøyro og Bergen i samband med ny E39. Regionstamlinjer skal utgjere eit raskt, hyppig og kapasitetssterkt tilbod i hovudkorridorane mellom Bergen sentrum og regionsentera i omlandskommunane rundt Bergen, jfr. kollektivstrategien om prinsipp for utvikling av linjenettet. Regionstamlinje for nordkorridoren vart etablert hausten 2018, mellom Knarvik og Bergen sentrum. Intensjonen er regionstamlinjer også for sør- og vestkorridoren, og at desse vert sett i samanheng med dei store vegprosjekta i områda dei næraste åra. For austkorridoren utgjer toget hovudtilbodet.

I dag utgjer linje 600 hovudtilbodet mellom Os og Bergen. Linja går via Søfteland, Nesttun og til Bergen busstasjon, med eige stoppmønster for på- og avstiging. Ny E39 vil gi ein raskare reisemoglegheit, og kollektivtilbodet må tilpassast reisebehovet og passasjergrunnlaget både for dagens trasé og den nye veggen.

Tilbodet mellom Os og Bergen skal henge saman med lokale busslinjer i Bjørnafjorden kommune, og med ferjetilbodet i og mellom Bjørnafjorden og omkringliggende kommunar. Ein premis for arbeidet er omsynet til viktige korrespondansar, som til dømes mellom ferja Våge-Halhjem og buss Halhjem-Os-Bergen.

Det andre hovudtemaet er å tilpasse linjenettet for buss til ny bybanelinje til Fyllingsdalen. Den nye bybanelinja koplar Oasen og Haukeland Universitetssjukehus til bybanenettet og stør opp om byutviklinga på Mindemyren. Bybanelinja opnar med det eit nettverk av nye reisemoglegheiter. Mange reiserelasjonar får eit vesentleg styrka og raskare tilbod, særleg tverrgåande reiser og reiser mellom bydelane. Oasen, Haukeland og Kristianborg vert viktige knutepunkt mellom buss og bybane.

Utgangspunktet for arbeidet er at kollektivtilbodet i Fyllingsdalen mot sentrum, Loddefjord og Ytrebygda i all hovudsak består, ettersom marknadsgrunnlaget for linjene på desse strekningane ikkje er venta å endre seg vesentleg som følgje av den nye bybanelinja. Samstundes må busslinjene i området stø opp om det nye kapasitetssterke tilbodet som bybanen utgjer.

Ein premis for arbeidet er omsynet til viktige korrespondansar, mellom ferje og buss og mellom lokale busslinjer og linjer som utgjer det kapasitetssterke og frekvente tilbodet. Overordna prinsipp er å utvikle eit samanhengande og robust kollektivnett tilpassa endringa som skjer som følgje av dei to utbyggingsprosjekta, men og for framtidig kollektivvekst.

Gjennomføring og tidsplan

Ramma for arbeidet er inneverande budsjettår sin planlagde ruteproduksjon for buss. Med omsyn til tidsperspektiv og behov for å styrke kollektivtilbodet i tråd med overordna målsetting om nullvekst i personbiltrafikken, vil ein og skissere løysingar som vil innebere produksjonsauke og nye kostnadsbehov. Tanken er å legge opp ein arbeidsprosess der ein utgreier ulike scenario og løysingar, med vurderingar kring økonomiske og driftsmessige konsekvensar.

Metodisk tilnærming for arbeidet er å starte med analyse av marknaden, det vil seie reisemønster, reisebehov, passasjerstraumar og trafikkgrunnlag. Med grunnlag i marknadsanalysen vil det så bli arbeidd med ulike løysingsalternativ og scenario for tilpassing og utvikling av tilbodet. Eventuelle infrastrukturbehov, i tillegg til kostnads- og driftsmessige konsekvensar, må takast med i vurderingane.

Involvering av kommunane vert ein viktig del av arbeidet. Det vert oppretta kontaktpunkt mot Bjørnafjorden kommune og Bergen kommune for utveksling av informasjon og relevante

plandokument. Vidare er det ønske om å ha felles arbeidssamlingar - eit før sommaren og eit til hausten. Føremålet med desse samlingane er å få ei samla forståing og innsikt om marknaden, og gi rom for felles drøfting og innspel kring ulike løysingalternativ.

Vidare vert det lagt opp til kundeinvolvering, med tanke på dagens reisande og potensielle kollektivbrukarar i det aktuelle området. Ein ser her på ulike metodar som kan nyttast, med utgangspunkt i etablerte kanalar og løysingar for kundedialog som Skyss/Kringom har gode erfaringar med.

Overordna tidsplan for arbeidet er å ferdigstille trafikkplanen innan 2020, og at denne vert lagt fram til politisk handsaming tidleg 2021. Tidsplanen er satt for å ha tilstrekkeleg tid for å førebu endringane før oppstart ny bybanelinje og tilbod langs ny E39 - både med omsyn til ruteplanlegging, og tilrettelegging av infrastruktur.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet, jfr. delegasjonsreglementet.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka omhandlar ikkje endringar i vedteken budsjett , men kan påverke komande budsjettår.

Klima: Saka omhandlar framtidige tiltak som vil medverke til å redusere klimapåverknadene frå persontransporten

Folkehelse: Saka omhandlar framtidige tiltak, med positiv innverknad på folkehelsa med omsyn til utsleppsreduksjon

Regional planstrategi: Kopling til Regional transportplan Hordaland, Kollektivstrategi for Hordaland

Konklusjon

Fylkesrådmannen rår til at arbeidet med trafikkplan for Bergen sør startar opp og vert gjennomført slik det vert skissert i saka.